

# INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY

## Årsmelding 2001

Våren 2001 starta det 2-årige prosjektet "Nyskaping i småbedriftsmiljø" med eit budsjett på 1,8 mill kr. Dette er eit prosjekt under den strategiske næringsplanen for Hordaland. Osterøy Utvikling er prosjektansvarleg og Industrikonsulenten er prosjektleiar.

I 2001 fekk Osterøy-næringslivet ca 9,5 mill kr i **kompensasjon for den auka arbeidsgjevaravgifta**. På hausten heldt ikkje regjeringane/Stortinget sine føresetnader om å løyve tilsvarende sum for 2002. Det vart løyvd berre vel 1 mill kr til Osterøy. Industrikonsulenten er sekretær for kompensasjonsstyret som har engasjert seg sterkt for å få "full" kompensasjon også for 2002 og 2003.

Talet på **nye oppdrag** var på same nivå som dei siste åra; 54 (2000;50). Talet på **etablerings-oppdrag** var på samme høge nivå; 35 (35). Desse nye etablerings-oppdraga har /vil resultere i **meir enn 10 ny verksemder**. I dette talet er ikkje rekna med nyetableringar i 2001 i samband med oppdrag som er registrerte året før/ tidlegare år.

I 2001 arbeidde industrikonsulenten ca 80 % stilling (formelt er stillinga på 50%). Året før var stillingsprosenten 52.

Industrikonsulenten er **sekretær for Osterøy Industrilag**. Her har det vore mykje fokus på kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift, eigedomsskatt og samferdsle. Sjå eiga årsmelding.

**Kommunen har gitt tilskott** til Industrikonsulent- verksemda også for 2001. Kommunen held kontor til Industrikonsulenten.

Nytt i 2001 er tilskott på kr 20.000 frå **Hordland fylkeskommune** via **Osterfjord Nærings-samarbeid** til næringsutviklingsarbeid. Nærings- utviklingssamarbeidet i Osterfjorden er kome i god gjenge.

### OPPDRAG

Forutan ein del oppdrag frå året før som det har vore arbeidd vidare med, har Industrikonsulenten altså fått **54 nye oppdrag i 2001**. Dette er både reine kontakt- og informasjonsformidlingsoppdrag og oppdrag der konsulenten har gjort ein "jobb" for verksemda. Omfanget av oppdraga varierer frå oppdrag som vert løyste pr telefon til dei største bedriftsoppdraga som

var på ca 80, 30 og 25 timar.

Oppdraga var fordelte slik:

Nye etableringsoppdrag	35
Nye oppdrag for etablerte verksemder	19
<b>SUM</b>	<b>54</b>

I tillegg til det som er registrert som "oppdrag" kjem ei rekkje kontaktar med verksemdene gjennom sekretærfunksjonen for Industrilaget og gjennom prosjektarbeid, t.d. "Nyskaping i småbedriftsmiljø" og kompensasjonsmidlane.

For mange av oppdraga, 17 stk, var ønsket om å ha ein "samtalepartner" utgangspunktet for kontakten. Von om gunstig "finansiering/tilskott" var utgangspunkt for 9 kontaktar. Det at det finst tilskottsordningar er eit hjelpemiddel til å kome i kontakt med oppdragsgjevarane. Men det er svært få som oppnår å få tilskott av noko omfang. Døme på breidda i team som bakgrunn for kontakten er vist i siste del av årsmeldinga.

Følgjande oppstilling syner korleis oppdraga er fordelte med omsyn til storleik på verksemdene:

Tilsette	Tal oppdrag
Nyetablering	35
1-4	9
5-9	1
10-19	3
20-49	6
50-100	-
<b>SUM</b>	<b>54</b>

Fordelinga er godt i tråd med målet om å prioritere dei minste verksemdene.

80 % av oppdraga er komne i stand etter direkte initiativ frå kunden. Dette inneber at det er kundane sjølve som i stor grad finn fram til og spør etter hjelp frå Industrikonsulenten. Kva oppdrag Industrikonsulenten arbeider med vert i stor grad styrt av dette. Ved 80% av oppdraga var første kontakt pr telefon. 11% av oppdraga starta med personleg kontakt. Oppdraga har vore frå 51 ulike etablerarar / verksemder. For 3 verksemder er det handsama 2 oppdrag.

Oppdraga for **eksisterande verksemder** bransje- fordelt:

Mekanisk	11
----------	----

Møbel	2
Andre	6
<b>SUM</b>	<b>19</b>

#### Etableringsoppdraga bransjefordelt:

Ulike former for tenester	14
Handel	7
Ulike former for produksjon	12
Anna	2
<b>SUM</b>	<b>35</b>

Det er vanskeleg å seie kor mange verksemdar det vert av desse etablerings-sakene, mange etableringar skjer over tid, men allereie dreier det seg om meir enn 10 verksemdar.

7 oppdrag frå verksemdar er fakturerte. I tillegg er SND fakturert for engasjement for oppfølging av etablerarar som har motteke stipend.

#### ANDRE SAKER INDUSTRIKONSULENTEN HAR ARBEIDD MED

Forutan å vera sekretær for **Osterøy Industrilag** (sjå eiga årsmelding) har Industriksulenten arbeidd med mellom anna følgjande oppgåver av meir generell karakter for Osterøy-næringslivet;

\* Som nemnt i innleiinga, får Osterøy-næringslivet **kompensasjon for auken i arbeidsgjevaravgifta** frå 1.1.2000. Industriksulenten er sekretær for kompensasjonsstyret på timebasis. Industriksulenten har delteke aktivt i det politiske arbeidet for å få inn att fulle løyvingar frå Stortinget for 2002 og 2003. For 2002 vart det til slutt løyvd berre vel 1 mill kr til Osterøy mot forventa 9,5 mill kr. Regjeringane sine framlegg var å stryke løyvinga.

**Ny veg mellom Hauge og Lonevåg** var ikkje med i vegsjefen sitt framlegg til nasjonal transportplan for 2002-2011. Kompensasjonsstyret lukkast i å få vedtak i fylkestinget i juni om å setje i gang eit første byggjestege basert på 23 mill kr i kompensasjonsmidlar og 65 mill kr i bompengemidlar og plan om 50 mill kr i statsmidlar ved neste rullering av den nasjonale transportplanen. Kompensasjonsstyret har arbeidd aktivt for at det skal vere god framdrift i planarbeidet. Planarbeidet er i god gjenge og reguleringsarbeidet vart starta opp hausten 2001. Kompensasjonsstyret/sekretæren har initiert og følgd opp også andre **vegutbetningsprosjekt** (mellom Hosanger og Tysse og mellom Lonevåg og Hatland). Kompensasjonsstyret/sekretæren har teke initiativet til **"Prosjekt næringsareal"**; heile 12 verksemdar med 400 tilsette har trong for gjennomføring av planarbeid for å kunne utvide. Sekretæren har også arbeidd for å få fram gode løysingar/tilbod for **breibandsamband** til verksemdene.

Kompensasjonsstyret har i tråd med departementet sin tilråding, lagt eit langsiktig løp for bruk av kompensasjonsmidlane der midlane er utløyssande for andre midlar slik at me får att i fleirfall. Det er

svært viktig at me får inn att "full" kompensasjon for 2002-2003.

\* Prosjektet **"Nyskaping i småbedriftsmiljø"** starta opp i mai. Målet er å gjere Osterøyverksemdene endå meir nyskaping ved å spele på det aktive småbedriftsmiljøet me har. Vidare vert det lagt vekt på formidling av resultat frå dette arbeidet. Osterøy Utvikling er prosjektansvarleg, Industriksulenten prosjektleiar. På vårparten vart det arbeidd aktivt for å sikre finansiering av prosjektet.

Prosjektarbeidet er no i god gjenge. Sist i oktober var det eit svært vellukka oppstartseminar med heile 50 deltakarar. Etter startseminaret fekk verksemdene tilbod om assistanse ved utarbeiding av ein situasjonsanalyse. 10-12 verksemdar vil gjennomføre ein slik analyse, mange verksemdar har nyleg gjennomført tilsvarande sjølvransaking.

Vidare i prosjektet vert det tilbod om kompetansehevingsprogram; praktisk leiartrening og innovasjonskompetanse.

Totalbudsjettet over 2 år er på 1,8 mill kr.

Som del av nyskappingsprosjektet har me hatt eit samarbeid med NHH om eit nettverk kurs der studentane våren 2001 utførte oppgåver i nokre Osterøy-bedrifter.

\* Industriksulenten har arbeidd med rekruttering til **etablerarkurs** i regi av Osterfjord Næringsamarbeid. Kurs starta opp hausten 2001 med 9 deltakarar, 3 av desse frå Osterøy.

\* Osterøy er kome med i prosjektet **"Nærinett"** som inngår i den strategiske næringsplanen for Hordaland. Osterøy folkeboksamling i samarbeid med Industriksulenten sender **målretta informasjon pr e-post** til bedrifter på Osterøy. Europakontoret i Hordaland fylkeskommune skaffar fram informasjonen. Base for informasjonsutsendinga er bedriftsregisteret [www.vestnett.no](http://www.vestnett.no) som biblioteket og Industriksulenten skal vedlikehalde.

\* Industriksulenten er styrerepresentant i **Osterøy Utvikling** og har samarbeid med **Osterfjord Reiselivslag**. Samarbeid med andre i regionen er kome i god gjenge gjennom det utvida næringsamarbeidet i **Osterfjordregionen** som formelt starta opp i 2001 med Osterfjord Reiselivslag som koordinator.

\* Industriksulenten deltek i **kontaktutvalet skule-/næringsliv**. Den årlege utdanningsmessa vart skipa til i Osterøyhallen i haustsemesteret.

\* Industriksulenten har saman med Osterøy Utvikling bistått Osterøy vidaregåande skule med søknad om vaksenopplæringsmidlar til utvikling av **nettbasert undervisningsopplegg i mekaniske fag** grunnkurs og VK1 maskinarbeidar. Dette lukkast og arbeidet er i gang.

\* Industriksulenten er fadder for **ungdomsbedrift** ved Osterøy vidaregåande skule.

\* Industriksulenten er omfatta av nyordninga frå 1.7.01 med **moms på tenester** og er no momsregistrert (som "avdeling" under Osterøy Industrilag). Det har vore mykje uklart i samband

med innføringa av ordninga. Dette har medført ekstraarbeid.

## MØTE, KURS, FOREDRAG

Forutan møteverksemd mm. i samband med ovan-nemnde kan nemnast;

\* Foredrag om Osterøynæringslivet på forhandlar-møte for **Tysse Mek Verksted AS**.

\* Foredrag om Osterøynæringslivet på medlems-møte i **Arna Rotary**-klubb.

\* I valkampinnspurten vitja stortingsrepresentant Erna Solberg nokre Osterøyverksemd. Industrikonsulenten deltok og fekk m.a. informert om arbeidet med kompensasjonsmidlane. Erna Solberg vart **statsråd** i kommunal- og regional-departementet.

\* Delteke ved møte om **småbåtturisme** i Osterfjorden.

\* Delteke ved møte om utvikling av **ressurscenter** ved Osterøy vidaregåande skule.

\* Delteke ved kurs/møte i regi av **Osterfjord Reiselivslag** om formidlingskompetanse.

\* Delteke ved Osterfjord-møte om **regional utviklingsplan for Hordaland**.

\* Delteke ved møte om **felles internettportal** for Osterfjordregionen.

\* Delteke ved **SND**-møte om oppfølging av etablerarar som har fått **stipend**.

\* Delteke ved **Kredittkassen** sitt 30-årsjubileum.

## STYRINGSUTVAL

Styringsutvalet har hatt følgjande samansetning:

**Formann : Lars Magne Bysheim**

Svein Hanstvedt, vara Jostein Jacobsen

Thor Jarle Eriksen, vara Christine P Hanstveit

Ordførar Ove Kleiveland.

## DØME PÅ SPØRSMÅL SOM INDUSTRIKONSULENTEN HAR HANDSAMA I 2001.

- Korleis kan eg føre frådrag for heimekontor?
- Me ønskjer å finne nokon som kan ta over verksemda vår. Kan du hjelpe?
- Me må omorganisere litt. Kan du hjelpe oss med ein ny stillingsinstruks?
- Eg lurar på om eg kan starte eiga verksemd i samband med etablering av breibandtilbod på Osterøy. Kan eg få diskutere litt med deg?
- Me lurar på om me skal lage eit nytt selskap for det nye produktet du tipsa oss om. Kan me få ein prat med deg?
- Kan du hjelpe meg med å søkje SND-etablerarstipend. Eg har ein god forretningsside, og det er gjerne ein fordel at eg er kvinne?

- Kan du skaffe fram døme på leigeavtale med grunneigar for skjeloppdrett?
- Me er nokre kameratar som vil starte for oss sjølve. Kan me få snakke med deg?
- Eg har nokre idear om eit opplæringscenter. Kan du hjelpe oss?
- Eg har lyst til å gå på etablerarkurs. Finst eit slikt tilbod her på Osterøy?
- Me har idear til forbetring av eitt av våre produkt slik at det kan verte svært interessant på ein internasjonal marknad. Du må kome for å diskutere med oss.
- Eg er handverkar og bur i Tyskland, men har vore mykje på familiehytta på Osterøy. No kan me godt tenkje oss å ha ein liten verkstad på Osterøy, kanskje også flytte til Osterøy. Kan du hjelpe oss?

## REKNESKAP 2001

	Utgifter	Inntekter
Tilskott frå Osterøy kommune		150.000,00
Tilskott frå fylket		20.000,00
Sekretærgodtgjersle Industrilaget		35.000,00
Konsulenthonorar		69.625,00
Renter		13.486,19
Løn inkl sos utg	301.987,00	
Seminaravgift m.m.	800,00	
Kontorkostnader	11.445,43	
Møtekostnader	18.957,00	
Telf/internettgodtgjersle	2.531,92	
Reise/diett elles	1.527,00	
Km godtgjersle	5.001,60	
Gebyr	202,00	
Revisjon	500,00	
Underskott		* 54.840,76
	<b>342.951,95</b>	<b>342.951,95</b>
Nordea 31.12.01	273.942,35	
Kundefordringar	65.239,00	
Leverandørgjeld		900,00
Skuldig skattetrekk		20.711,00
Skuldig arbeidsgj.avg.		8.801,00
Skuldig mva		8.329,36
Skuldig km-godtgj.		1.686,40
Eigenkapital		<b>298.753,59</b>
	<b>339.181,35</b>	<b>339.181,35</b>

\* **Prosjektinntekter frå "Nyskaping i småbedrifts-miljø" på kr 50.000 vert dekt i 2002**

Lonevåg februar 2002

Norodd Helle  
revisor

Lars Mjøs  
kasserar

# INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY

## TIL DI TENESTE

### FOR KVEN ?

Alle som driv eller har lyst til å driva næringsverksemd på Osterøy, har høve til å nytta Industrikonsulenten. Verksemda di eller planane dine kan vera frå dei minste til dei største og produksjonen din automatisert eller handverksprega.

### KVA SLAG SPØRSMÅL ?

Alle typar spørsmål som har med næringsverksemd å gjera, kan rettast til Industrikonsulenten. Me vil anten kunne svara på dei sjølve eller finna fram til stader der du kan få svar. Alle opplysningar vert handsama fortruleg.

### KVA KOSTAR DET ?

Tenestene til Industrikonsulenten er gratis dersom du er nyetablerar eller me treng kort tid for å finna svar på spørsmålet ditt. Dersom spørsmålet ditt krev meir arbeid, må du etter avtale betale ein timepris frå kr 250 til kr 350.

### KVEN STÅR BAK ?

Det er Osterøy Industrilag som har teke initiativ til stillinga og tilsett Industrikonsulenten. Osterøy kommune støttar stillinga økonomisk og held kontor og telefon. Industrilaget betaler sekretærgodtgjersle og ein del inntekter kjem frå oppdrag me utfører for næringslivet. Ordføraren er representert i styringsutvalet for verksemda.

### KVEN ER ME ?

**Lars Mjøs** har vore tilsett i deltids-stilling som Industrikonsulent sidan 1982. Han er utdanna sivilingeniør, maskinlina, ved Norges Tekniske Høgskule, no NTNU. Han har vidareutdanning innan undervisning og miljøvern, mellom anna arbeidsmiljøspørsmål.

Han har vore med å skrive boka "Fem små mekaniske verksteder" og boka "Grunnbok i bedriftslære".

Han har 1 års verkstadpraxis frå Nylands Mekaniske Verksted i Oslo før han tok til med utdanninga og han har arbeidd 2 år som skipsvinsjkonstruktør ved BMV, Hordvikneset. Han driv også eiga konsulentverksemd med etableraropplæring som spesialitet.

### KORLEIS FÅ TAK I INDUSTRIKONSULENTEN ?

Ring direktenummer 56 19 22 70, faks 56 19 21 01. Lars Mjøs har heimekontor på 56 39 26 07, faks 56 39 26 08. (Kontortelefonen er ofte omkopla til mobiltelefon med svarar når kontoret ikkje er betjent). E-postadressa er; [larsmjøs@online.no](mailto:larsmjøs@online.no) . Du kan og vitje Industrikonsulenten i "bustaden" ved rådhuset på Hatland. Gi melding i resepsjonen i rådhuset dersom du ikkje får tak i Industrikonsulenten, så kontaktar han deg.